

Gjev ut manual for fornying av lokaldemokratiet

Sunnhordland
3.11.14

Boka Dialogbasert utvikling. Manual for lokal mobilisering og demokrati-fornyning, skriven av professor Dag Jørund Lønning (biletet), er den første norske «handbok» i mobiliseringsarbeid og «gjer-det-sjølvdemokrati».

– Enkeltmennesket sin rett til medverknad i utviklings- og planprosessar som vedkjem ein sjølv er nedfelt i plan- og bygningslov. Samstundes sit det offentlege utan konkrete verkemiddel for å realisera slik involvering. Utover dei tradisjonelle høyringsprosessane, og eit og anna informasjons-/folkemøte der mykje av konklusjonane synest dregne på førehand, skjer det lite på dette feltet i norske kommunar. Dette kjem t.d. fram i arbeidet med kommunereform, heiter det i ei pressemelding.

Boka forklarar kvifor idealet om medverknad er så krevjande å realisera, men kjem også med handlingsretta og svært konkrete råd om korleis reelt involverande



mobiliseringsprosessar kan etablerast.

Forfattaren tek til orde for eit meir deltakande demokrati; involverande lokale prosessar som gjev enkeltmenneske rom til å bli aktive samfunnsutviklarar.

Denne handboka i «gjer-det-sjølvdemokrati» er utgjeven som praktbok på Jærent Forlag. Den er utforma etter ein populærvitskapleg mal og er rikt fotografisk illustrert.